



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato: 29.09.2022
Vår ref: 2022/13023

Dykkar dato: 27.09.2022
Dykkar ref: 2022/1333

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgnen, 5764 3079

Høyringsfråsegn - landbruksveg - Alver - 178/2 og 178/3 - Nystølen

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 7 på gnr. 178 bnr. 2 og 3 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 250 meter ny veg frå ein eksisterande traktorveg og fram til eit veglaust bruk. I søknaden står det at totalarealet på eigedommen er på 140 dekar, desse fordelar seg høvesvis 110 dekar produktivskog og 20 dekar jordbruksareal. Det er 800 kubikkmeter med hogstmoden skog. Interesser i vegen er opplyst å vere 50 prosent skogbruk, 20 prosent jordbruk, totalt 70 prosent landbruksinteresser. Dei resterande 30 prosent er opplyst å vere til privat hytte. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1, jf. § 1-1.*

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen».

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggget.

Det er ein del privatrettslege forhold knytt til veg frå avkøyrsla på rv. 57 og fram til eksisterande skogsveg, dette er forhold som vi ikkje tar stilling til. Vi vil likevel peike på at bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178 bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsvegar i området.

Elles har vi ingen merknadar til veganlegget.



Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Martin Søgnen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent